



Til
kommunane i Rogaland

Kontakt saksbehandlar
Heidi Eie Svendsen, 51568796

Utlysing: skjønnsmidlar til innovasjon og fornying 2020

Fylkesmannen har sett av kr 6 mill. av skjønnssramma for 2020 til kommunale prosjekt for innovasjon og fornying (prosjektskjønn). Vi vil med dette brevet invitere kommunane til å søke om delfinansiering av innovasjonsprosjekt.

Søknadsfrist: 31. mars 2020

Formål med prosjektskjønnet er å bidra til at kommunane kan teste ut nye løysningar for å oppnå klare kvalitetsforbetringar og/eller effektivisering av tenesteproduksjonen.

Fylkesmannen sine prioriteringar 2020

Kvart år får Fylkesmannen overordna prioriteringar frå departementet. For å styrke innsatsen på dei prioriterte områda, legger vi desse til grunn for vurdering og prioritering av søknader om innovasjonsmidlar i år:

1. Miljø og klima: Kommunale og regionale innovasjonsprosjekt med tiltak for klimatilpassing, reduserte klimagassutslepp og miljøomsyn vil bli prioritert, og prosjekt som gir innovative bidrag til FNs bærekraftsmål.
2. Kommunestruktur og omstilling: For å sikre eit godt tenestetilbod til innbyggjarane skal arbeid med utvikling av ein meir einsarta og framtidretta kommunestruktur prioriterast. Innovasjon i tenestesamarbeid som er påverka av kommunereforma, er eit aktuelt tema.
3. Barn og unge: Tverrsektorielt og tverrfagleg samarbeid for utsette barn og unge og deira familiar (0-24-samarbeidet).
4. Samfunnsutvikling: Kommuneplanlegging etter plan- og bygningslova og tiltak for meir effektive planprosessar og betre plankvalitet. Arealplanlegginga er og eit verkemiddel for å oppnå reduksjon i klimagassutslepp. Aktuelle tema er kommunale planverktøy, digitale kart, samfunnstryggleik og beredskap, infrastruktur.

Vi ber om at søknader inkluderer omtale av korleis prosjektet relaterer seg til ein eller fleire av desse prioriteringane.

I tillegg til relevans for dei prioriterte områda, vil Fylkesmannen legge vekt på gevinstrealisering og overføringsverdi for andre kommunar. Tverrfaglege prosjekt og samarbeid mellom fleire kommunar



vil bli prioritert. Vi vil og prioritere prosjekt med solid kommunal eigenfinansiering, slik denne kjem fram i budsjett for prosjekta.

Retningslinjer for prosjektskjønn

- Prosjektmidlar skal nyttast til innovasjon og fornying. Dei kan ikkje brukast på ordinær drift.
- Det er berre kommunar som kan stå som søkar og ansvarleg, men kommunane kan samarbeide med andre aktørar.
- Søknader må inkludere ein gjennomtenkt og realistisk prosjektplan med god omtale av dei utfordringar prosjektet skal bidra til å løyse.
- Kommunen må ha ei klar målsetting med prosjektet og beskrive aktuelle verkemiddel og løysningar som prosjektet skal teste ut.
- Omfang av eigenfinansiering må komme fram av søknaden, og eventuell anna delfinansiering av prosjektet.
- Reine næringsutviklingsprosjekt kan ikkje få skjønnskot.
- Søknader som kjem inn under forsøkslova, skal sendast til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Prosjekt/søknader må vere forankra hos kommunen si leiing og blant dei tilsette. Dersom kommunen sender fleire prosjektsøknader, må desse vere klart prioritert.

Prosjekt som naturleg høyrer under andre statlege tilskotsordningar vil sjåast i samanheng med desse når prosjektskjønnet skal fordelast. Dersom prosjektet får andre statlege tilskot med krav til eigenfinansiering, kan det ikkje tildelast skjønnsmidlar.

Prosess for søknad og tildeling

Søknader om innovasjonsmidlar må sendast via felles søknads- og rapporteringsportal, [ISORD](#). Rettleiing til bruk av ISORD ligg på fylkesmannen si [nettside](#) under kommunal fornying. Søknadsrunden er open til og med 31. mars 2020. Vi arbeider med å vidareutvikle prosessane knytte til fordeling av skjønnsmidlar. Vi harmoniserer opplegget vårt noko med andre fylkesmannsembete og for prosjektskjønn 2021 tar vi sikte på å sette ein endå tidlegare frist, om mogleg innan utgangen av 2020.

Søknadene blir behandla av Fylkesmannen si samfunns- beredskaps- og kommunalavdeling, med vurderingsbidrag frå dei andre fagavdelingane hos Fylkesmannen, samt KS. Vi tar sikte på å sende ut tildelingsbrev om innovasjonsprosjekt innan utgangen av mai. Tildelingsbrev vil også gi informasjon om rapportering og oppfølging av innovasjonsprosjekta.

Med helsing

Lone Merethe Solheim
fylkesmann

Monica Nessa
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi: KS Rogaland